

REFERAT STYREMØTE 3/25 SUNNMØRE FRILUFTSRÅD

Tid: Torsdag 11. september 2025 kl. 18.00 – ca. 20

Stad: **Sunnmøre Friluftsråd, Stettevegen 73**

Oppmøte: 13 av 15 styremedlemmar møtte.

Kommune	Styremedlemmar 2025
Fjord	Eva Hove - leiar
Ulstein	Berit Sandvik Skeide - nestleiar
Giske	Jan Ove Skodje
Hareid	Annika Brandal
Herøy	forfall
Sande	forfall
Stranda	Thomas Roset
Sykkylven	Sveinung Vemøy
Vanylven	John Willy Klungre
Vestnes	Arve Øverås (vara)
Volda	Annlaug Stokke
Ørsta	Bente Iren Flåvik Bjørndal
Ålesund	Thea Elise Vestre Aasen
Ålesund	Unni Kristin Wiik
Tilsettrepr.	Christer Lundberg Nes

Forfall utan vara: Janne-Katrin Hansen Sævik (Herøy), Sindre Slettestøl (Sande)

Andre til stades: Dagleg leiar Hans E. Pilskog, Dagleg leiar Skjærgårdstjenesten, Torgeir Lausund Sund - **Sak 18/24**

Saksliste:

Saksnr: **Tittel:**
Sak 16/25 **Godkjenning innkalling, saksliste og referat styremøte vedtak:**
Innkalling og saksliste vert godkjend.
Referat frå styremøte 5. mai 2025 vert godkjend.

Sak 17/25 **Presentasjon av ny dagleg leiar – Hans Pilskog**
Hans Edvard Pilskog presenterte seg for styret. Han fortalde om bakgrunnen sin og motivasjonen for å arbeide med friluftsliv på Sunnmøre.

**Sak 18/25 Mediesak i Sunnmørsposten sommaren 2025
vedtak:**

Styret for Sunnmøre friluftsråd har vurdert organisasjonen sine rutinar for innkjøp og bruk av eksterne tenester. Med bakgrunn i juridiske råd frå uavhengig advokatfirma, vedtek styret at reglementet for innkjøp skal oppdaterast etter vedlagt forslag frå dagleg leiar, for å sikre at det er tydeleg og tilpassa organisasjonen sitt behov.

Det skal utarbeidast skriftlege malar for innkjøp, kontraktsinngåing, habilitetsvurdering og andre relevante prosessar. Malane skal vere praktiske og enkle å bruke, bidra til standardisering og kvalitetssikring av arbeidet.

Vidare skal det lagast ei oversikt over aktuelle leverandørar i det geografiske området, slik at organisasjonen har god tilgang til lokale tilbydarar ved behov. Rutinane skal vere effektive og etterprøvbare, utan å skape unødig byråkrati.

Styret sluttar seg til at det skal innarbeidast eit eige punkt i innkjøpsreglementet som sikrar at omsynet til livssykluskostnader, miljø, HMS og samfunnsansvar vert ivareteke, i tråd med føresegnene i LOA § 5.

Styret ber dagleg leiar om å starte arbeidet med å utforme dei nemnde malane og oversikta, i tråd med dei juridiske tilrådingane.

Styret ber om at følgjande punkt føyes til innkjøpsreglementet:

Ved alle innkjøp utover vanleg drift, skal dagleg leiar i Sunnmøre Friluftsråd signere alle dokument.

**Sak 19/25 Orientering om prosjektet Gapahuken som nærturmål
Framlegg til vedtak:**

Saka var lagt fram til orientering. Styret ville likevel ikkje ha konkurranse innad i kommunane, men heller at det blei lagt fram som ei markering.

**Sak 20/25 Eventuelt
Ikkje noko under eventuelt**

